

LIV OG RØR

Informasjonsblad for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Museumslaget
Nr. 1 april 2018

Museet styrkjer laget

Museet har tilsett Åsne Dolve Meyer som formidlingsleiar og leiar for avdelinga for formidling, dokumentasjon, forsking og samling. Signe Bondhus-Jensen er tilsett som museumspedagog og leiar for Odda vitensenter. Med desse tilsettingane får museet ei kraftig styrking av formidlingsarbeidet og andre museumsfaglege funksjonar. Både Dolve Meyer og Bondhus-Jensen er i gang på museet før sommaren.



Åsne Dolve Meyer (43) er utdanna arkeolog, og har brei erfaring innan arbeid med forvalting av kulturminne. Dolve Meyer er fødd i Odda, men har for det meste budd andre stader, og frå 2013-17 i Ny-Ålesund på Svalbard der ho var rådgjevar for Kings Bay AS og del av leiargruppa der.



Signe Bondhus-Jensen (36) frå Mauranger har bakgrunn som realfaglærar, og har dei siste åra jobba som prosjektleiar for Ungt Entreprenørskap Hardanger. I tillegg til lærarutdanning har ho også utdanning innan økonomi og administrasjon.

Hardanger Musikkfest med konserter i kraftstasjonen i Tyssedal søndag 20. mai kl. 17.

Les meir inne i heftet

Fjordcruise og mini-konsert på M/Y Tysso med Markhus & Lid, laurdag 16. juni frå 10.30 til 15.30.
Sjå meir inne i heftet

Årsmøtet i Museumslaget 2018

Årsmøtet 2018 fant sted i Statkraftstova i Tyssedal, og ble ønsket velkommen av styreleder Bjørn Seim. 15 personer møtte. Før styreleder gikk over til dagens sakliste, hadde nestleder Vidar Våde et kulturelt innslag.

Etter litt mat, orienterte Bjørn Seim og Anne Gravdal om aktuelle nyheter fra museet i del 2 av årsmøtet.

Anne Gravdal NVIM holdt også et kåseri om ”Ein innvandrar i Odda”



Vidar Våde kåserer. Foto: Anne Gravdal NVIM



Trofaste museumsvenner. Foto: Anne Gravdal NVIM

Kasserer Olav L. Strand orienterte om økonomi, regnskap og budsjett. Han kunne også fortelle at det er en liten økning i medlemstallet fra i fjor.

Følgende forslag til bevilgninger ble enstemmig godkjent;

1. Kr. 10 000 til NVIM for arbeid, trykk og forsendelse av medlemsbladet «Liv og Rør».

2. Siden de bevilga midlene fra i fjor ikke har blitt brukt, står vedtaket fra 2016 og 2017 fremdeles ved lag: Fullmakt til innkjøp av informasjonsskilt (vandretur i Tyssedal) inntil kr. 10 000

3. Fullmakt til innkjøp av diverse kjøkkenutstyr til Buen inntil kr. 7000 ved NVIM. Dette ble ikke brukt i 2017, det er derfor lagt inn i budsjettet for 2018.


Jane Leivestad er nytt medlem i valgkomiteen.

I denne valgbolken ble følgende personer valgt:

Leder	Bjørn Seim	2017-2018
Styremedl.	Vidar Våde	2018-2019
	Olav L. Strand	2017-2018
	Solveig Våde	2017-2018
	Solfrid Kvam	2018-2019
Varamedl.	Jane Ripley	2017-2018
	Jarle Vangen	2018-2019
	Britt Andersson	2018-2018
	Hallvard Kjørvik	2018-2019
Revisor	Mette Haraldsen	2018-2020

Hardanger musikkfest 2018

Temaet for den årlege musikkhendinga i Hardanger er i 2018 Natur/Endring. HMF seier at dei ynskjer å feira den klassiske kammermusikken, og at dei vil halda huskonserter i stover og tun. Det blir grensesprengande folkemusikk der norske røter møter orientalske impulsar. Musikalsk synergji, teknisk virtuositet, medrivande speglede og ein frisk tilgang til det klassiske repertoaret kjenneteiknar



artistane som kjem til Hardanger. I kraftkatedralen er det Tora Augustad, Frode Haltli og Svante Henryson som skal framføra Trygve Seim sine prispåskjøna songar til persisk poesi.

Sundag 20. mai kl. 17.00

Minicruise med musikk på M/Y Tysso

Hardanger Trebåtfestival inviterer til ein times tur på fjorden med Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum sitt flytande smykke M/Y Tysso, inkludert minikonsert med trubadurane **Markhus & Lid**.

Avgangar frå festivalområdet laurdag 16. juni: kl. 10.30, 12.30 og 14.30,

Om seg sjølve skriv trubadurane fylgjande:

Markhus & Lid er **Knut Markhus** (song) og **Lars Sveinung Lid** (gitar/song), og me har

nesten alltid med oss Irene Tillung (trekkspel) og Åsgaut Malm Geithus (bass).

Me syng viser med noko mødrene våre kalla «absurde» tekstar. Me er ikkje heilt einig. Dei handlar om livet på godt og vondt. Kanskje mest vondt. For å sei det slik: «Kjærleiken er gátefull, kjærleiken er rar, stundom berre rustar han, stundom blir han hard. Berre tenk på Nicholson i Ondskapens Hotel. Det er berre film, det er sant, men likavel.» (Fru Jørgensen)



Pyttebuene på Folgefonna

- eit pionerarbeid innan breforsking og kraftanlegg under bre.

I samband med kartlegging og undersøking av isbrear, bygde NVE sine iskontor og anleggssbrakker på isbreane. Målestasjonen på Folgefonna vart bygd på Holmaskjer, som ligg på grensa mellom Odda og Kvinnherad kommune. Stasjonen vart seinare kalla ”Pyttebuene” etter henne som leia dette bresprosjektet, Randi Pytte Asvall.

Randi Pytte Asvall som var norges første kvinnelege glasiolog, gjennomførte i perioden 1963-1971 ei unik kartlegging av Folgefonna (1565 m.o.h.). Noregs Vassdrags- og Elektrisitetsdirektorat (NVE) ønskte å finna ut korleis vatnet tok seg fram under breen.

I 2002 tok NVIM initiativ til å få restaurert

målestasjonen frå 1963 på Holmaskjer. Den omfattande breforskinga på Folgefonna la grunnlaget for bygging av Statkraft sitt kraftanlegg under Folgefonna (1968-1974). Både breforskinga og kraftutbygginga under Fonna var pionerarbeid.

Liknande brakker var sette opp på mange av breane våre. Brakkene hadde ein karakteristisk trekantform, inspirert av telta frå den tida. Fleire av desse brakkene står enno, nokon er overdratt til lokale turistforeiningar.

Les meir og sjå fleire bilete på www.nvim.no

Den vesle, forblåste museumsfilialen på ”Norges tak» er ope heile året, og besøket er gratis. Foto: NVIM arkiv



Vådes Visdomsord

Frihet. Men at du
kan være
trygg på
å nå fram
når det er
din tur.
Frihet,
betyr ikke
at du klarer
å snike deg
fram i køen.

VV.



”Røde flagg” - 1. mai

Røde flagg var og er arbeiderbevegelsens symbol. Tidligere var de mye brukt. På Det norske arbeiderparti sitt 1. mai-merke fra 1911, markerer det røde flagget et tydelig bakteppe og det røde 8-tallet forteller at det var 8-timersdagen som var kampsaken. (Mannsfigurern tramper på dragen som var nedkjempet, og den nye tid med opplysning og rettferdighet stiger opp som solen i øst.)



Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum har røde flagg i samlingene. De kunne både kjøpes og lages. Vi har et enormt rødt flagg etter Odda Arbeiderparti av Norges Kommunistiske Parti (NKP). Flagget er hele 284 X 225 cm. "Faneduken er laget fra fire baner i rød ull i lærretsbinding som ble skjøtet sammen og en hvit løpegang på en kort side av duken", i følge beskrivelsen fra

Bevaringstenestene i Salhus. Flagget er oppbevart i fellesmagasinet som museene i Hordaland har ved Museumssenteret i Salhus. I mange foreninger ble det kjøpt inn tøystykker i riktig rødfarge og sydd i hjemmene. Midt på 1930-tallet fikk Arbeidernes Ungdomsfylking (AUF) av Det Norske Arbeiderparti (DNA) hammermerket som et symbol, og de sydde hammeren på de røde flaggene sine. Som regel vendte skafett på hammeren inn mot midten, men ikke på dette flagget som museet fikk innlevert etter en opprydding på Tyssedal skole.

I Arbeiderhistorie 1992, utgitt av Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek i Oslo, har Lill-Ann Jensen skrevet en artikkel om bruken av de røde flagg.



Moteshow, husmортreff og Opo


Museet har hatt fleire arrangement allereie i 2018. På kvinnedagen den 8. mars fekk eit fullsatt Litteraturhus i Odda høyre om kvinnerolla før og no. Seinare i mars var det foredrag om Opo-vassdraget og Folgefonna ved professor Jostein Bakke, med påfølgande quiz.

I februar var kraftstasjonen staden for eit Hydrogensymposium med deltagarar frå heile landet.

Fredag den 13. april vart ikkje ein uheldig dag for NVIM! Då gjekk eit alle tiders moteshow av stabelen i kraftstasjonen. Museet

var arrangør i eit framifrå samarbeid med aktørar frå Odda-butikkane *Terje Storhaug Herre- Sports- og Barneklær, Eurosko Odda, Henne Mote, Ung Mote* og *Grasdal Fri-sør*. To deltagarar fekk ein "bli-ny-dag" med full "oppussing", og 22 modellar viste fram det nyaste innan vårmotar framfor eit begeistra publikum. Dei telte om lag 300 personar. Synne Mæland og Fossegrimen leverte flotte musikalske innslag, og tilsette på museet viste fram historiske motar. Ein kveld som freistar til gjentaking!

Det kjem fleire arrangement - her er det berre å fylgja med!



Hydrogensymposium

Den 6. og 7. februar 2018 var den freda kraftstasjonen i Tyssedal staden for dei som ville høyrta om og diskutera utviklinga av hydrogenprosjekt på vestlandet.

Mange norske aktørar innan hydrogenfeltet var samla her, innst i Hardanger, for å utveksla erfaringar.

Tema for symposiet var potensialet for verdiskaping når det gjeld hydrogen i Norge, område for bruk i industri, energi og transport, og kva politiske verkemiddel ein kan ta i bruk for å leggja til rette for produksjon og bruk av hydrogen.

Ei rekkje aktørar presenterte oppdaterte planar, mellom anna Statoil med sine planar for storskala hydrogenproduksjon frå natur-

gass med CO₂-fangst og lagring, og bruk av flytande hydrogen i cruiseskip. Dette fekk stor merksemrd. Det fekk også Statkraft som ser på produksjon og bruk av hydrogen til ulike formål. Hydrogen kan erstatta kol i industrien, nyttast innan vegtransport og til maritime prosjekt.

Symposiet vart lagt til Tyssedal, på grunn av over hundre år med tradisjonar innan energi og industri, i tillegg til ilmenittverket Tizir si satsing på hydrogen i industriproduksjon.

På Hydrogensymposiet kunne ein tydeleg merka optimisme hos moglege produsentar og brukarar etter nokre år med vanskar med introduksjon av hydrogen på Vestlandet.



Hydrogenbil og deltakarar på symposiet. Foto: Anne Gravdal NVIM

Sesongopning på museet 5. juni! Då er museet ope kvar dag alle dagar frå kl. 10 til kl. 17, fram til 3. september.
Film, omvising og utstillingar. Velkommen!

Retur: NVIM; Naustbakken 7, 5770 TYSSEDAL

Verv medlemmer til Museumslaget!

Verv medlemmer og få en NVIM kopp!

Du får gratis inngang for deg, og den nærmeste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære åpningstid. Du kan delta på Museumslagets årlege turer og arrangement.

Bladet Liv og Rør kommer i posten med informasjon fra NVIM og Museumslaget. Du er med på å støtte stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum. Bli med i Museumslaget for NVIM og arbeid for et godt museum for Odda og Tyssedal, for vannkrafta og prosess-industrien og deres bidrag til byggingen av det moderne Norge!

Museumslaget har også egen facebook-side! Gå inn og lik oss:

www.facebook.no/museumslagetfornvim

www.facebook.com/vasskraftmuseet



Kontingentsatser:

Enkeltmedlemmer:	kr	150
Familier:	kr	200
Foreninger og lag:	kr	300
Bedrifter, skoler, etc.:	kr	1 000

Kontakt: Leder Bjørn Seim

Epost: bjoesei@online.no

Tlf.: 957 53 764

Kontakt: Kasserer Olav L. Strand

E-post: olav.strand@yahoo.com

Tlf.: 905 09 351

På nettsida **www.digitalmuseum.no** kan du leite gjennom NVIM sine per i dag 15000 historiske fotografier! Finn du eit foto du kunne tenke deg å ha, tek du kontakt med siri@nvim.no for tinging.

Digitalt Museum

Skal du arrangere kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnadar:
kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod: post@nvim.no - 53 65 00 50



www.nvim.no, www.facebook.com/vasskraftmuseet, www.vasskrafta.no